



Planomtale

Mindre endring kommunedelplan Tyinkrysset

Plan-ID 2015003-1

Ingeborg Lunde

20.03.2022



1 Innholdsfortegnelse

1	Innleiing.....	2
2	Bakgrunn for planendringa	3
3	Kva som er føreslege endra	3
3.1	Endringar i planføresegnene	3
3.2	Endring i plankartet.....	3
3.2.1	Nytt høgdebasseng	4
3.2.2	Gjeldande plassering av høgdebasseng.....	4
4	Konsekvensar av planendringa.....	5
4.1	Risiko- og sårbarheitsanalyse	5
4.2	Jordlova.....	5
4.3	Naturmangfald.....	5
4.4	Kulturminne.....	5
4.5	Naturfare.....	5
4.6	Vassdrag.....	5
4.7	Ski-trase.....	6

1 Innleiing

Kommunedelplan for Tyinkrysset (plan-ID 2015003) vart vedteke av kommunestyret i Vang den 18.11.2021, sak KS-065/21.

Side | 2 Pågåande prosjektering og planlegging av VA på Tyinkrysset har synt behov for å endre plassering av høgdebasseng ved Grøgstølen.

Opphavleg var det tenkt å behandle endringa etter plan- og bygningslova kapittel 19 dispensasjon til planen. Saka vart sendt på høyring til Statsforvaltaren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune og NVE 15.02.22.

Det kom inn tre uttaler frå overordna myndigheiter, sjå vedlegg. Statsforvaltaren i Innlandet har ingen vesentlege merknadar til at kommunen gir dispensasjon, men meiner at denne saka burde vore handsama som ei reguleringsendring og ikkje dispensasjon. Fylkeskommunen støtter dette. Statsforvaltaren skriv at ved å handsame søknaden som ei reguleringsendring vil ein få ei meir føreseieleg og langsiktig arealavklaring gjennom plan. Ei endring av planen endrar plankart og/eller føresegner og gir ein permanent rettigheit. For oversikta si skyld er det også ein klar fordel at tiltaket er synleg i plandokumenta. På grunn av tiltaket sitt omfang skriv Statsforvaltaren at det er rimeleg å tru at endringa kunne vore handsama som ei reguleringsendring etter forenkla prosess.

Administrasjonen ser fordelane ved at denne endringa blir behandla som ei mindre endring i staden for dispensasjon. Areal for høgdebasseng er eit varig tiltak og høgdebassenget er kritisk for vassforsyninga på Tyinkrysset og Filefjell. For å sikre dette arealet og unngå missforståingar i framtida vil det vere ein fordel om ein får tiltaket med i plankartet med riktig arealformål og tilhøyrande føresegner frå fyrste stund.

Administrasjonen vurderer at ei slik endring av kommunedelplanen vil kunne utførast etter føresegnene i plan- og bygningsloven §11-7 som gjeld mindre endring. Tiltaket vil i liten grad påverke gjennomføringa av planen for øvrig, det vil ikkje gå utover hovuddrammene i planen og heller ikkje røre viktige natur og friluftslivsområder. Før sluttbehandling i kommunen vil forslaget til mindre endring bli sendt til overordna myndigheiter, naboar og evt. andre partar som vil bli rørt av tiltaket for uttale.

Formålet med endringa vil vere å:


- leggje til rette for høgdebasseng på gnr/bnr 5/1
- endre formålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng (gnr/bnr 6/1) til LNFR
- gjere mindre justeringar på arealformålet knytt til naboeigedom nord for nytt høgdebasseng

I denne planomtala blir det gjort greie for dei endringane som er føreslege. For grundigare omtale av kommunedelplanen med fullstendig omtale, konsekvensanalyse, ROS-analyse, overordna føresegnadar med meir blir det vist til kommunedelplan Tyinkrysset vedteke 18.11.2021, plan-ID 2015003.

2 Bakgrunn for planendringa

Høgdebassenget er sett på som kritisk for vassforsyninga på Tyinkrysset og Filefjell. I kommunedelplanen var det sett av eit areal til dette føremålet (føresegn 4.2.2 i kommunedelplan Tyinkrysset), men kommunen har ikkje kome i hamn med avtale med grunneigarane om dette arealet. Kommunen ynskjer ikkje å gå til ekspropriasjon, og har difor sett på omsøkt areal som eit alternativ. Ny plassering av høgdebasseng er også betre eigna reint VA-teknisk.

Side | 3



Figur 1 Avsett område til høgdebasseng i kommunedelplanen vist med blå sirkel, omsøkt areal vist med rosa sirkel


3 Kva som er føreslege endra

3.1 Endringar i planføresegnene

Ingen endring i planføresegnene.

3.2 Endring i plankartet

Oversiktskart som viser kvar endringa er:



Figur 2 Oversiktsbilde, område som er søkt om til etablering av høgdebasseng er vist med rosa ring, omtrent midt i utklippet.

3.2.1 Nytt høgdebasseng


Utklipp frå gjeldande plan	Utklipp som viser føreslege endring

Nytt høgdebassen føreslege etablert på gnr/bnr 5/1 med tilkomstveg på gnr/bnr 7/2. Areal til nytt høgdebasseng er på om lag 2200 m². Areal til skinedfart, grøn farge, er føreslege utvida mot vest tilsvarende det som det nye høgdebassenget treng av areal i aust for tilkomstveg. I dialog med naboar av tiltaket er det også føreslege mindre justeringar av arealformålet kombinert bebyggelse og anleggsformål og fritidsbustad nord for nytt høgdebasseng i tilknytning til gnr/bnr 7/61 og 7/47.

3.2.2 Gjeldande plassering av høgdebasseng

Det er føreslege å føre areal som var sett av til høgdebasseng tilbake til LNFR. Dette arealet er på om lag 3900 m². Arealet ligg på gnr/bnr 6/1 og hadde planlagt tilkomst frå Grøvstølvegen.

Utklipp frå gjeldande plan	Utklipp som viser føreslege endring



4 Konsekvensar av planendinga

4.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Kommunedelplanen for Tyinkrysset vart vedteke 18.11.2021. Dei føreslegne endringane har ikkje påverka vurderingane eller konklusjonen frå ROS-analysen.

4.2 Jordlova

Tiltaket rører ikkje ved dyrka eller dyrkbar mark. Det er vurdert at tiltaket ikkje gjer drifta av landbruksareala i området vanskeleg.

4.3 Naturmangfald

Det er ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse eller naturtyper i dette området. (naturbase kart)

4.4 Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne på arealet som det er føreslege endringar. (kulturminnesok.no)

Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende frå før, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller deira sikringszone på fem meter, jf. lov om kulturminne §8. Melding skal s narast sendast til kulturminnestyresmaktene slik at verneestyremaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

4.5 Naturfare

Området ligg ikkje innanfor aktsemdsrområder for skred- eller flomfare.

4.6 Vassdrag

Grøvsjøta ligg om lag 45 meter i avstand frå Begna der omsøkt tilkomstveg til høgdebasseng er søkt etablert. Begnavassdraget er verna mot ytterlegare regulering ihht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstar er hovudvassdraget, øvre deler av Begna og Otrøvatnet, klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomstar». Her skal «godt økologisk potensial» bli nådd i 2021. Hovudvassdraget er klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på

minstevassføring). I samsvar med vassforskrifta §12 skal kommunen som myndigheit for sine vassdrag vurdere om nye aktivitetar eller nye inngrep i eit vassdrag føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje blir nådd, eller om vassdraga blir forringa.

Det er ein mindre bekk som ser ut til å ha sitt opphav i det området høgdebassenget er søkt om å bli plassert. Kommunedirektør vurderar at omsyn som kan påverke Begnavassdraget ved omsøkt tiltak er spreiding av finstoff via bekk i anleggsfasen. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil føre til utslepp når tiltaket er etablert. For det omsøkte tiltaket vurderar kommunedirektør at vassforskrifta §12 ikkje kjem til bruk då bekken har eit lite nedbørsområde og mest truleg ikkje årssikker vassføring. Det er i overkant av 50 meter frå Begna til ny plassering av høgdebasseng.

4.7 Ski-trase

I kommunedelplanen er arealet som det er søkt om å bruke til høgdebasseng og tilhøyrande veg og parkering regulert til LNFR og delar av arealet regulert til idrettsanlegg. Arealet avsett til idrettsanlegg er ein skinedfart som sikrar området ved Filefjellstuene/Grøvsstølen samband til Tørrisheisen. Sjå Figur 2 for å få ei oversikt over området med planlagte skinedfartar.

Arealformålet for skinedfarten er om lag 14 meter brei like før kryssing av vegen Grøvsjøta. Omsøkt tiltak vil redusere breidda på dette arealet til om lag 8 meter. For å sikre tilstrekkeleg areal for skinedfart er det føreslege å utvide arealet tilsvarende mot vest som det blir redusert i aust på grunn av nytt høgdebasseng. Det er behov for noko breidde då ein må bremse ned på ski før kryssing av Grøvsjøta.

Vedlegg

Kommunedelplan Tyinkrysset – Forslag til endra plankart 2015003-1

Dispensasjonssøknad for Grøvsstølen høgdebasseng

Innlandet fylkeskommune – Merknader til dispensasjonssak – kommunedelplan Tyinkrysset

Statsforvalteren i Innlandet – Merknader til dispensasjonssak – kommunedelplan Tyinkrysset

NVE sin generelle uttale – Merknader til dispensasjonssak – kommunedelplan Tyinkrysset